



REGLEMENT FOR GODTGJERSLE FOR KOMMUNALE FOLKEVALDE I HAREID KOMMUNE

1. KVEN REGLEMENTET GJELD FOR

Reglementet gjeld for kommunale folkevalde i Hareid kommune. Som folkevald vert rekna medlemmer av kommunestyret, formannskap, alle faste utval og komitear etter § 10 i kommunelova og lovpålagte råd og utval. Reglane gjeld og varamedlemar når dei gjer teneste som folkevald.

2. KRAV PÅ FRI FRÅ ARBEID

I samsvar med § 40, nr. 1, 2.ledd, i kommunelova har arbeidstakar krav på fri frå arbeid i den utstrekning dette er nødvendig på grunn av møteplikt i kommunale organ.

Den folkevalte må sjølv syte for nærare avtale om dette med sin arbeidsgjevar.

3. GODTGJERSLEGRUNNLAG/-REGULERING

Godtgjersle for folkevalde er definert som ein del av grunnbeløpet i folketrygda (G). Godtgjersla vert regulert prosentvis kvart år i samsvar med endringar i dette grunnbeløpet. Endringane vert gjort gjeldande frå same dato som for folketrygda, dvs. pr 1. mai.

4. GODTGJERSLE FOR ORDFØRAR M.M.

4.1 Fast årleg godtgjersle

Godtgjersle for Ordførar og Varaordførar vert sett til samla 10.41 G.

Godtgjersla skal utbetalast med 1/12 kvar månad med saman med lønsutbetaling for administrativt tilsette (vanlege reglar for skattetrekk m.v).

Ordførar får ikkje møtegodtgjersle eller refusjon for tapt arbeidsforteneste for å utføre kommunale ombod.

4.2 Ferie

4. Ordførar har rett til fem veker ferie per år. Ordførar melder tida for ferieavviklinga til formannskapet.

4.3 Sjukdom

Ved sjukdom har ordførar rett til godtgjersle i 50 veker. Deretter skal formannskap/kommunestyre gjere naudsynte vedtak.

4.4 Pensjonsordning

Ordførar vert innmeldt i pensjonsordninga for folkevalde i 100% stilling.

4.5 Etterløn for ordførar

Ordførar får 1,5 månads godtgjersle etter avslutta periode, dersom han/ho har permisjon frå fast stilling. Dersom ordførar ikkje har fast arbeid å gå attende til, får han/ho godtgjersle i 3 månadar. Ordførar som ikkje tek attval, og som har permisjon

Saksnr.	Klassering	Stad	Dato
2009/591	082	Hareid	25.11.2011



frå fast arbeid får ikkje ettergodtgjersle. Det vert føresettt at avtroppande ordførar som får slik godtgjersle, stiller seg disponibel for kommunen i ettergodtgjersleperioden. Pensjonsrettane følgjer godtgjersletida.

4.6 Forsikringar

Ordførar skal ha same forsikringsordningar som rådmannen.

5 GODTGJERSLE FOR VARAORDFØRAR

5.1 Fast årleg godtgjersle

Godtgjersle for Ordførar og Varaordførar vert sett til samla 10,41 G.

Godtgjersla skal utbetalast med 1/12 kvar månad med saman med lønsutbetaling for administrativt tilsette (vanlege reglar for skattetrekk m.v).

Varaordførar får ikkje møtegodtgjersle eller refusjon for tapt arbeidsforteneste for å utføre kommunale ombod.

5.2 Funksjon som ordførar

Formannskap/kommunestyre kan bestemme at varaordførar skal tre inn i stillinga som ordførar ved ferieavvikling, sjukdom eller permisjon. Varaordførar skal då ha godtgjersle i samsvar med regelverket for ordførar med innmelding i pensjonsordning for folkevalde i samsvar med regelverket, pkt 4.

6 MØTE- OG LEIARGODTGJERSLE

Utval	Møtegodtgjersle	Leiargodtgjersle	Merknad
Kommunestyre Formannskap	0,011 G (f.t. kr. 872,- pr. møte)		Ordførar er leiar
Nærings- og miljøutval Levekårsutval Kontrollutval	0,009 G (f.t. kr. 713,- pr. møte)	0,1 G pr år (f.t. kr 7 922,- pr. år)	Leiargodtgjersle kjem i tillegg til møtegodtgj.
Administrasjonsutval	0,007 G (f.t. kr. 555,- pr. møte)		Ordførar er leiar
Valnemnd Kommunal byggenemnd	0,007 G (f.t. kr. 555,- pr. møte)	0,007 G pr møte (f.t. kr. 555,- pr. møte)	Leiargodtgjersle kjem i tillegg til møtegodtgj.
Forhandlingsutval Arbeidsmiljøutval Kontrollerande overformyndar Eldrerådet Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne Røystestyra	0,005 G (f.t. kr. 396- pr. møte)	0,005G pr møte (f.t. kr. 396- pr. møte)	Leiargodtgjersle kjem i tillegg til møtegodtgj.
Komitear Andre nemnder, råd og utval	0,004 G (f.t. kr. 317- pr. møte)	0,004G pr møte (f.t. kr. 317- pr. møte)	Leiargodtgjersle kjem i tillegg til møtegodtgj.
Utøvande overformyndar	Årleg fast godtgjersle: Kr. 19.000,-	Årleg godtgjersle for kontorhald: Kr. 6.000,-	Kontorhald er meint å dekkje kostnader til kontor, data, kommunikasjon osv.

Saksnr.	Klassering	Stad	Dato
2009/591	082	Hareid	25.11.2011



6.1 Generelt for alle politiske utval

Deltaking i delar av møte

Frammøte i ei sak gir rett til halv godtgjersle. Varamedlemar som er innkalla men ikkje vert nytta, har rett på halv godtgjersle. Utover dette vert det ytt full møtegodtgjersle.

Synfaringar og andre pliktige oppmøte:

For synfaringar og andre pliktige oppmøte på andre dagar enn møtedagen vert det betalt ei godtgjersle på 0,002 G (f.t. kr. 158,50,-) pr. time.

Spesielle høve elles:

I spesielle høve der møta varer minst heil dag (7,5 t) kan godtgjersle utbetalast med 0.015 G (f.t. kr. 1.189,-).

Det skal ikkje utbetalast meir enn ei møtegodtgjersle pr dag.

Utbetaling av leiargodtgjersle:

Leiargodtgjersle vert berre utbetalt, når det kan dokumenterast at det har vore møte, eller at leiaren har hatt faktisk arbeid med vervet i løpet av året.

7 DEKNING AV TAPT ARBEIDSFORTENESTE.

I samsvar med § 41, nr. 2, i kommunelova har folkevalde rett på dekking av ev. tap i inntekt på grunn av vervet.

Føresetnaden for å krevje erstatning er at det ligg føre eit faktisk økonomisk tap.

7.1 Refusjonsbeløp

Dokumentert tap av arbeidsinntekt vert dekt fullt ut.

Udokumentert tap i arbeidsinntekt vert dekt med 0,002 G pr time (f.t. kr 158,50,-) eller 0,015 G pr dag (f.t. kr. 1.189,-) innafor tidsromet mellom kl. 08.00 og kl. 16.00.

7.2 Dokumentasjon

Lønsmottakarar

Lønsmottakarar, som vert trekte i løn i samband med politisk verksemd, skal som dokumentasjon nytte skjema "Erklæring frå arbeidsgjevar om trekk i løn for kommunal tillitsvald". Her vil oppgåve over kva som faktisk er trekt gå fram. Nytt skjema må fyllast ut for kvart krav. Erklæringa skal vere underskriven av lønsansvarleg i firmaet.

Sjølvstendig næringsdrivande

Sjølvstendig næringsdrivande skal leggje fram likningsattest over næringsinntekt for dei siste tre åra. Tap pr. dag vert utrekna etter gjennomsnittleg netto årsinntekt for dei siste tre åra, dividert på 230 dagar, og tap pr time er dagstap dividert med 7,5.

Deltidstilsette

Deltidstilsette som arbeider nokre heile dagar og har heilt fri andre dagar, får refusjon etter udokumentert tap dersom møtedagen fell på ein fridag (mellom kl 0800 og 1600).

Deltidstilsette som arbeider eit redusert timetal pr dag, får refusjon etter udokumentert tap dersom møtetida fell utanfor arbeidstida (mellom kl 0800 og 1600).

Arbeidstakarar med arbeidstid mellom 1600 og 0800 og turnusarbeidarar

Saksnr.	Klassering	Stad	Dato
2009/591	082	Hareid	25.11.2011



Dersom møte fell på fridag som er ein kompensasjon som følgje av turnus eller forskjøve arbeidstid, vert det gjeve refusjon etter udokumentert tap.

Andre grupper

Grupper utan fast løna arbeid - heimeverande, studentar, pensjonistar m.m. får refusjon etter satsen for udokumentert tap i arbeidsinntekt, når dei må forsømme sine ordinære gjeremål for å ivareta tillitsverv.

8 DEKKING AV ANDRE UTGIFTER.

I samsvar med § 41 i kommunelova har folkevalde rett på dekking av utgifter i høve reiser og ev. andre utgifter på grunn av vervet.

8.1 Reiseutgifter:

Folkevalde får godtgjort utgifter til skyss, kost- og overnatting for reiser i høve vervet (pålagde møte, kurs m.m.) etter det til ei kvar tid gjeldande reiseregulativet for kommunalt tilsette. Det vert ikkje ytt godtgjersle til reiser som kommunale folkevalde har innanfor kommunen.

Utgifter som ikkje blir refundert etter faste satsar (ferje, buss, fly og liknande), skal dokumenterast gjennom vedlagte kvitteringar.

Skjema for "Reiserekning" skal nyttast ved innsending av krav.

8.2 Omsorgsutgifter m.m.:

Ekstra og uungåelege utgifter som den folkevalde får p.g.a. vervet, t.d. utgifter til pass av born under 12 år, omsorg for funksjonshemma og eldre (pleietrengande) vert dekt med faktiske dokumenterte utgifter.

8.3 Telefongodtgjersle

Ordførar og varaordførar får tildelt kommunal mobiltelefon (eige reglement gjeld for slik tildeling).

Leiar av Næring og miljøutvalet, Levekårsutvalet og kontrollutval får ei årleg telefongodtgjersle på 0,03 G (f.t. kr. 2.378,-)

Folkevalde elles kan etter søknad i særlege tilfeller få refusjon for utgifter ved bruk av eigen telefon som er nytta til utøving av ombodet.

9 INNSENDING AV KRAV OM GODTGJERSLE, TAPT ARBEIDSFORTENESTE ELLER DEKNING AV UTGIFTER.

Godtgjersle

I utval der det er fast sekretariat (administrativt) er sekretæren ansvarleg for å registrere info om møtegodtgjersle og godtgjersle til leiar.

I alle andre tilfelle har leiaren i utvalet eller den han pålegg det dette ansvaret.

Registreringane skal meldast inn til Servicekontoret seinast innan 15.juni og 15.desember, og utbetaling skal normalt skje i midten av juli og januar.

Tapt arbeidsforteneste m.m

Tapt arbeidsforteneste eller dekking av andre utgifter har den enkelte sjølv ansvar for å melde inn.

Krav på godkjente skjema samt nødvendig dokumentasjon skal leverast Servicekontoret innan 15. mars, 15. juni, 15. september og 15.desember, og

Saksnr.	Klassering	Stad	Dato
2009/591	082	Hareid	25.11.2011



utbetaling skal normalt skje i midten av april, juli, oktober og januar

10 ULUKKES-/YRKESKADEFORSIKRING

Kommunale folkevalde er omfatta av ulukkes-/yrkesskedeforsikringa som Hovudtariffavtalen § 11 pålegg kommunen. Forsikringa gjeld under utøving av vervet, samt på reise til og frå og under utøving av representasjonsplikter.

11 TOLKING AV REGLEMENTET


Dersom det oppstår tvil i høve tolking av reglane i dette reglementet, vert spørsmålet avgjort av rådmannen sjølv.

Avgjerda frå rådmannen kan påklagast til ei nemnd som består av dei politisk valde medlemmane i administrasjonsutvalet.

12 VERKNADSTIDSPUNKT

Reglementet trer i kraft frå 01.01.2012.

Reglementet er godkjent av kommunestyret 15.12.2011 i sak PS 133/11



Saksnr.	Klassering	Stad	Dato
2009/591	082	Hareid	25.11.2011